



## Notat

Dato: 16.06.2015  
Arkivsak: 2014/20686  
Saksbehandlar: ingskei

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Bompengerekneskap 2014 for Årsnes ferjekai**

Ny ferjekai på Årsnes vart teken i bruk 1. juli 2010.

Prosjektet er omtala i St.prp.nr. 2 (2008-2009). I tillegg til ny ferjekai, omfattar prosjektet utbetring av vegen mellom Løfallstrand og Årsnes. Samla kostnadsoverslag var 80 mill. kr (2008 prisnivå). Halvparten skulle finansierast med bompengar, med innkrevjing i inntil 15 år.

Utbetringane på strekninga Årsnes-Løfallstrand vart noko dyrare enn føresett, og arbeidet har trekt ut i tid. I 2014 er det utført arbeid for 2,6 mill. kr på strekninga. Ferdigstilling vil skje våren 2015.

Bompengeselskapet (fylkeskommunen) har totalt overført 47,5 mill. kr til Statens vegvesen. Det er teke opp 36 mill. kr i lån.

Trafikken har vist nedgang dei to siste åra. Frå 2012 til 2013 var nedgangen 5,5 %. Frå 2013 til 2014 gjekk trafikken ned med ytterlegare 2,6 %. Det var ikkje uventa at trafikken på sambandet ville gå noko ned som følgje av opning av Jondalstunnelen i 2012 og Hardangerbrua i 2013.

Bompenginntektene i 2014 vart 5,06 mill. kr. Dette er praktisk talt uendra frå 2013 (når ein korrigerer 2013-talet for ei etterbetaling som galdt 2012).

Med det trafikkgrunnlaget ein har hatt i 2014, og under føresetnad av lågt rentenivå framover, ser det ut til at bompengelånet vil kunne bli nedbetalt i løpet av 2021, dvs. ein innkrevjingsperiode på om lag 11 år.

**Rekneskapoversyn**

	<b>2014</b>	<b>2013</b>
<b>Utgifter</b>		
Overført vegkontoret		10 000 000
Innkrevjingskostnader	113 172	121 765
Renteutgifter	810 019	810 000
Avsett til fond	4 260 598	
<b>Sum</b>	<b>5 183 789</b>	<b>10 931 765</b>

<b>Inntekter</b>		
Bompengeinntekter	5 058 745	5 788 359
Renteinntekter	125 044	236 877
Bruk av fond		4 906 529
<b>Sum</b>	<b>5 183 789</b>	<b>10 931 765</b>

**Balanse**

Overført vegkontoret	47 500 000	47 500 000
Kortsiktige fordringar	616 597	304 897
Bankinnskot	6 372 218	2 421 081
<b>Sum aktiva</b>	<b>54 488 815</b>	<b>50 225 978</b>

Bunde investeringsfond	6 829 015	2 568 416
Kapitalkonto	11 500 000	11 500 000
Lån	36 000 000	36 000 000
Kortsiktig gjeld	159 800	157 562
<b>Sum passiva</b>	<b>54 488 815</b>	<b>50 225 978</b>